



Sjøtroll Havbruk AS avd Brandasund

5397 BEKKJARVIK

Endring av utsløppsløyve for Sjøtroll Havbruk AS avd Brandasund

Fylkesmannen har endra utsløppsgrensene for utsløpp til vatn i løyvet til Sjøtroll Havbruk avd Brandasund av 15. juli 2013. Løyve gjelder forureining frå produksjon av maksimalt 55 000 tonn slakta og foredla laks og aure. Løyve er endra med heimel i forureiningslova § 18.

Vi viser til søknad om endra løyve av 6. mai 2015.

I løyve av 15. juli 2013 ble det satt krav om at verksemda skulle sende inn ein ny søknad om endring av utsløppsgrensene for utsløpp til vatn. Fylkesmannen skulle så setje spesifikke krav basert på resultat frå prøvene som verksemda skulle ta kvar andre månad i eit år jf. punkt 3.2 i løyvet.

Krav vi har endra er:

Punkt 3.1 utsløppsgrenser.

Følgjande utsløppsgrenser gjelder:

Utsløppskomponent	Konsentrasjonsgrense (mg/l)	Årleg spesifikt utsløpp (kg/tonn produsert)
Feitt	100	0,7
Biologisk oksygenforbruk (BOF ₅)	500	3,7
Kjemisk oksygenforbruk (KOF)	600	4,5

Dei nye grensene er basert på utsløppa til verksemda dei siste åra. Verksemda har fått grenser for årleg spesifikt utsløpp, i tillegg til konsentrasjonsgrensene, for feitt, BOF og KOF. Ei spesifikk grense for utsløpp vil sei at utsløppa skal henge saman med produksjonsmengda. Ei slik grense gjer det også lettare å samanlikne utsløppa frå år til år, og å samanlikne dei med utsløppa til andre liknande verksemdar.

IED-direktivet, erstatning for IPPC-direktivet

Vi har også endra punkt 2.7 i løyvet som gjelder bruk av beste tilgjengelege teknologi og metode.

Sjøtroll Havbruk AS avd Brandasund kjem inn under industriutsløpsdirektivet, (IED), direktiv 2010/75/EU, som trådte i kraft 6. januar 2011. Direktivet er gjeldende i norsk lovverk gjennom EØS-avtalen frå 7. januar 2013. Direktivet er implementert i forureiningsforskrifta.

Eit grunnleggjande prinsipp i industriutsløpsdirektivet, er bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT) til å førebygge og avgrense forureining. For kvar industribransje er det utarbeidd BAT- referansedokument (BREF), som gjer greie for beste tilgjengelege teknikkar for ein sektor eller bransje og kva for utsløpsnivå som kan påreknast ved bruk av dei beste teknikkane som finns.

Verksemnda kan finne ei samla oversikt over BREF-dokument, BAT-konklusjonar på <http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/>. Fiskeforedlingsverksemder sorterer under BREF-dokument for Food, Drink and Milk Industries av januar 2006. Første utkast til nytt BREF ble lagt ut 31. januar 2017 med frist for kommentarar 21. april 2017. Det er forventa at det vil bli satt BAT-konklusjonar for fiskeforedling. Direktivet bestemmer at BAT-konklusjonar skal vere referanse når vilkår skal setjast i løyve til verksemder som er omfatta av direktivet.

BAT-konklusjonane er ei eiga rettsakt (Commission Implementing Decision). Rettsakta er juridisk bindande og skildrar dei teknikkane som er vedteke for å vere beste tilgjengelege teknikkar. Frå det tidspunkt ein ny BAT-konklusjon er publisert og erstattar ein gammal konklusjon, må løyve som fell under den gamle BAT-konklusjonen vurderast på nytt og skal oppdaterast innan fire år, jf. direktiv 2010/75/EU, IED art. 21 pkt. 3. Dette kravet er nå også tatt med i forureiningsforskrifta § 36-19 andre ledd. Det vil sei at når dette skjer, må Fylkesmannen endre løyvet til Sjøtroll Havbruk AS avd Brandasund i tråd med dei nye krava.

Tankforskrifta

Det har kome nye reglar for tanklagring i forureiningsforskrifta sitt kapittel 18 som trådte i kraft 1. januar 2014. Forskrifta set krav til lagring av oljeprodukt i tankar større enn 10 kubikkmeter, og for andre kjemikal og farleg avfall for tankar større enn 2 kubikkmeter.

Gebyr

Fylkesmannens handsaming av søknader om endring av løyver er omfatta av ein gebyrordning. Vedtaket om endra utsløpsgrenser er å betrakte som en liten endring av løyve. Verksemnda skal betale eit gebyr på kr 9 300 for vår handsaming av søknaden, jf. Forskrift om begrensning av forurensning av 1.juni 2004 kapittel 39. Miljødirektoratet vil ettersende faktura. Gebyret har forfall til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Klageadgang

Dersom det er noko i vedtaket, inkludert gebyrsats, du eller andre vil klage på, kan de klage til Miljødirektoratet. Klagen kan de sende til Fylkesmannen i Hordaland. Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått løyvet.

Med helsing

Sissel Storebø
senioringeniør

Henriette Ludvigsen
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Bømlo kommune



Løyve til verksemd etter forureiningslova for Sjøtroll Havbruk AS avd Brandasund

Fylkesmannen gjev Sjøtroll Havbruk AS avd Brandasund løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og endra i medhald av § 18. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 25. september 2012 og opplysningar som kom fram under handsaminga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dette løyvet erstattar Løyve etter forureiningslova for Brandasund Fiskeforedling AS av 20. november 2009.

Dersom verksemda ønskjer endringar i løyve som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Bedriftsdata

Bedrift	Sjøtroll Havbruk AS avd. Brandasund
Stad/Gateadresse	Brandasundvegen 359
Postadresse	5423 Brandasund
Kommune og fylke	Bømlo, Hordaland
Org.nummer (bedrift)	929 363 833
NACE-kode og bransje	15.202 Frysing av fisk, fiskefileter, skaldyr og blautdyr
NOSE-kode/kodar	105.03.26 – Foredling av fisk
Kategori for verksemda ¹	b) Behandling og bearbeiding med sikte på framstilling av næringsmidler av animalske råstoffer (bortsett fra melk), med en kapasitet til produksjon av ferdige produkter på over 75 tonn per dag

Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ²
2013.212.T	1219.0006.01	3

Løyve gjeve: 15. juli 2013	Endringsnummer: 2	Sist endra: 28. mars 2017
Sissel Storebø senioringeniør	Henriette Ludvigsen overingeniør	
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift</i>		

¹ Jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 om handsaming av løyve etter forureiningslova

² Jf. forureiningsforskrifta kapittel 39 om gebyr til statskassen for Fylkesmannen sitt arbeid med løyve og kontrollar etter forureiningslova

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar
1	28.januar 2014	Bedriftsdata	Namn og organisasjonsnummer
2	28.mars 2017	2.7	IED erstattar IPPC-direktivet.
		3.1	Utsleppsgrenser for utslepp til vatn.

Innhald

Endringslogg	2
1 Produksjon/utslepp	3
2 Generelle vilkår	3
2.1 Utsleppsavgrensingar	3
2.2 Plikt til å halde grenseverdier	3
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg	3
2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald	4
2.5 Tiltak ved auka forureiningsfare	4
2.6 Internkontroll	4
2.7 Beste tilgjengelege teknologi	4
3 Utslepp til vatn	5
3.1 Utsleppsgrenser	5
3.2 Utsleppsmålingar	5
3.3 Utsleppsreduserande tiltak, reinseanlegg m.m.	5
3.4 Utsleppsstad for prosessavløp	5
3.5 Kjølevatn	6
3.6 Overvatn	6
3.7 Sanitæravløpsvatn	6
3.8 Mudring	6
4 Utslepp til luft	6
4.1 Utsleppsavgrensing	6
5 Grunnforureining og forureina sediment	7
6 Kjemikal	7
7 Støy	7
7.1 Støydempande tiltak	8
7.2 Støv	8
8 Energi	8
8.1 Energistyringssystem	8
8.2 Utnytting av overskotsenergi	8
8.3 Spesifikt energiforbruk	8
9 Avfall	9
9.1 Generelle krav	9
9.2 Handtering av farleg avfall	9
10 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining	9
10.1 Miljørisikoanalyse	9
10.2 Førebyggjande tiltak	9
10.3 Etablering av beredskap	10
10.4 Varsling om akutt forureining	10
11 Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen	10
11.1 Journalføring	10
11.2 Utsleppskontroll	10
11.3 Måleprogram	11
11.4 Kvalitetssikring av målingane	11
11.5 Rapportering til Fylkesmannen	11

12	Overvaking av resipient og rapportering til Fylkesmannen.....	11
13	Utskifting av utstyr.....	11
14	Eigarskifte	11
15	Nedlegging	12
16	Tilsyn.....	12
VEDLEGG 1.....		13
Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1		13
Metaller og metallsambindingar:		13
Organiske sambindingar:		13

1 Produksjon/utslepp

Løyvet gjeld forureining frå slakting og foredling av laks og regnbogeaure. Løyvet er basert på ein årleg produksjon av 50 000 tonn per år, som tilsvara 217 tonn per dag. Driftstid per døgn er 24 timer og døgn per år er 230.

Løyvet omfattar mellom anna utslepp av prosessavløpsvatn, utslepp av vatn ved reingjering av produksjonsutstyr, produksjonslokale og losse/lasteområde på kai knytt til verksemda.

Med prosessavløpsvatn meiner vi spylevatn, reingjeringsvatn, transportvatn, blodvatn, slaktevatn eller vatn som har vore i direkte kontakt med råstoff, produkt eller avfall, eller som er tilført forureinande komponentar frå andre kjelder.

Ved vesentlege endringar skal verksemda søkje om endring av løyvet, sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentar frå verksemda som er forventa å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 flg. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i punkt 3 flg. eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig verknad.

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, under dette støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader.

Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje gjennom vilkår i punkt 3 flg. uttrykkeleg er sett grenser for.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal eventuell reduksjon av produksjonsnivået som er lagt til grunn i samband med sakshandsaminga, føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan verke inn på utsleppa. System/rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7³.

2.5 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, under dette om nødvendig, å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessig verknad. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 10.4.

2.6 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift⁴. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikoen for forureining.

2.7 Beste tilgjengelege teknologi

Verksemda er omfatta av IPPC-direktivet (rådsdirektivet til EU om integrert førebygging og avgrensing av forureining). Dette inneber at verksemda skal bruke best tilgjengeleg teknologi (BAT – Best Available Techniques). Kva som til ei kvar tid blir rekna som BAT, vil variere. Verksemda har ansvar for å halde seg oppdatert om dette gjennom referansedokumenta som EU gjev ut for dei ulike bransjane. Verksemda må jamleg ta ein gjennomgang av sin eigen status ved å samanlikne med gjeldande BAT, og endre sine teknikkar der desse ikkje er tilfredsstillande.

³ Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (Internkontrollforskrifta)

⁴ Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (Internkontrollforskrifta)

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsgrenser

Følgjande utsleppsgrenser gjelder:

Utsleppskomponent	Konsentrasjonsgrense (mg/l)	Årleg spesifikt utslepp (kg/tonn produsert)
Feitt	100	0,7
Biologisk oksygenforbruk (BOF ₅)	500	3,7
Kjemisk oksygenforbruk (KOF)	600	4,5

pH i prosessavløpsvatnet skal målast kontinuerleg og liggje mellom 6 og 9. Temperatur i prosessavløpsvatnet skal ikkje overstige 50 °C.

Verksemda skal i størst mogleg grad jamne utsleppet ut over døgnet.

3.2 Utsleppsmålingar

Verksemda skal kunne dokumentere utsleppsmengder ved å ta følgjande prøver av prosessavløpsvatnet:

- fosfor i mg/l
- nitrogen i mg/l
- feitt i mg/l
- biologisk oksygenforbruk (BOF₅) i mg/l
- kjemisk oksygenforbruk (KOF) i mg/l
- suspendert stoff (SS) i mg/l
- kontinuerleg mengdemåling av vassforbruk i m³

Prøvene skal takast som mengdeproposjonale døgnblandeprøvar minimum 6 gonger i året.

Verksemda skal rapportere analyseresultata og vassmengda, jf. punkt 11.5. Sjå også punkt 11.3 om måleprogram og 11.4 om prøvetaking.

3.3 Utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m.

Prosessavløpsvatn, skal passere gjennom eit reinseanlegg med ein effektivitet tilsvarande silanlegg med spalteopning på 0,3 mm eller mindre.

Fylkesmannen kan om nødvendig setje krav om at verksemda må installere ein feittavskiljar.

Eventuelt avløpsvatn med olje frå verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeavskiljar eller tilsvarande reinseeining.

3.4 Utsleppsstad for prosessavløp

Avløpsleidningen for prosessavløp skal førast i Kastevika på 30 m djup. Utsleppsleidning skal vere godt forankra og avmerka på kart. Prosessavløpsvatnet skal førast ut i sjø på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg.

Verksemda skal ha målekum eller liknande på utsleppsleidningen for å kunne ta reelle utsleppsmålingar.

3.5 Kjølevatn

Kjølevatnet skal førast ut i sjø på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg og skal ikkje føre til vesentlege temperaturendringar i resipienten.

Bruk av begroingshindrande middel i kjølevatn med utslepp til vatn er ikkje tillate.

3.6 Overvatn

Avrenning av overvatn frå utearealet til verksemda skal handterast slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet.

3.7 Sanitæravløpsvatn

Verksemda har septiktank og leier sanitæravløpsvatnet til Karihavet. Verksemda skal følgje kommunen sine krav til utslepp.

3.8 Mudring

Dersom det som følgje av drifta til verksemda skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal verksemda innhente nødvendig løyve frå forureiningsstyresmakta. Slik mudring må bedrifta koste sjølv.

4 Utslepp til luft

4.1 Utsleppsavgrensing

Verksemda skal avgrense diffuse utslepp mest mogleg. Dette gjeld utslepp frå produksjonsprosessar og frå uteareal, til dømes lagerområde, område for lossing/lasting og reinseanlegg. Verksemda skal utføre produksjonen slik at det ikkje fører til skade eller ulemper for naboar og miljø.

Ved unormale driftssituasjonar eller driftsstans som kan føre til luktulemper utanfor området til verksemda, skal verksemda varsle naboar som blir ramma av dette. Verksemda skal gjennomføre planlagt driftsstans ved vedlikehald og liknande på eit tidspunkt som gjev minst mogleg luftspreiing til omgjevnadane.

Fylkesmannen kan sette spesifikke krav til luktgrenseverdier for utslepp til luft. Verksemda kan bli pålagt å gjennomføre kartlegging og utrekning av spreining av luktstoff for å dokumentere verksemda sitt bidrag til luktmissjonen. Om nødvendig skal verksemda gjere greie for tiltak og ein tidsplan for å redusere luktande utslepp og deretter bringe verksemda sitt bidrag til luktmissjonen innanfor fastsette grenser.

Lukt skal vere ein viktig styringsparameter for produksjonen, og skal ikkje føre til sjenanse eller ulemper for naboar og lokalmiljø. Verksemda skal ha oversikt over kva delar av drifta som fører til lukt, og vurdere å setje i verk naudsynte tiltak for luktreduksjon. Effekten av gjennomførte tiltak og behov for nye må vurderast til ei kvar tid. Verksemda skal som ein del av sin internkontroll registrere og handsame eventuelle klager på lukt.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemnda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemnda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på bedriftsområdet og forureina sediment utanfor verksemnda og utanfor utsleppsstaden. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen⁵/Fylkesmannen.

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemnda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, til dømes begroingshindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for brannbekjemping.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemnda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøegenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemnda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemnda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemnda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁶

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillas og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket.⁷

7 Støy

Verksemnda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje bryte følgjande grenser, målt eller rekna ut som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	Laurdagar	Sun- og heilagdagar	Kveld (kl. 21–23), hverdagar	Natt (kl. 23–07), alle døgn	Natt (kl. 23–07), alle døgn
55 dB L _{den}	50 dB L _{den}	45 dB L _{den}	50 L _{evening}	45 dB L _{night}	60 L _{AFmax}

L_{den} er A-vega ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

L_{evening} er A-vega ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19-23.

L_{night} er A-vega ekvivalent støynivå for nattperioden 23-07.

⁵ Jf. forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

⁶ Jf. produktkontrolllova

⁷ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)

LAF_{max} er A-vega maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målt/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemnda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemnda si ordinære verksemd. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemnda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for ny busetnad av type nemnt ovanfor som blir etablert på stader der støybidraget frå bedrifta bryt eller er forventa å kunne bryte fastsette grenser i løyvet.

Dersom bedrifta får klagar om støy vil Fylkesmannen kunne krevje at verksemnda utføre ei støykartlegging med eventuelle avbøtande tiltak.

7.1 Støydempande tiltak

Støy frå transport av råstoff/ferdigvarer til og frå verksemnda på offentleg veg og sjø er ikkje regulert av løyve. Verksemnda bør likevel unngå trafikk i tidsrommet kl. 23–07. Trafikk på verksemdsområdet skal i størst mogleg grad gå føre seg på dagtid. Dei same krava gjeld for eventuelle andre støyande operasjonar. Portar til lokale som lagar støy, samt portar som vender mot bustadar, skal i størst mogleg grad haldast lukka.

Støy skal vere ein viktig styringsparameter for produksjonen, og verksemnda skal forsøke å redusere støyande aktivitetar så mykje som mogleg. Verksemnda skal ha oversikt over kva delar av drifta som fører til støy, og vurdere å setje i verk naudsynte tiltak for støyreduksjon. Effekten av gjennomførte tiltak og behov for nye må vurderast til ei kvar tid. Verksemnda skal som ein del av sin internkontroll registrere og handsame eventuelle klager på støy.

7.2 Støv

Verksemnda må leggje aktivitetane opp på ein slik måte at sjenerande støv ikkje slepp ut av produksjons- og transportsystema.

8 Energi

8.1 Energistyringssystem

Verksemnda skal ha eit system for kontinuerleg vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon i anlegga. Energistyringssystemet skal vere i samsvar med norsk standard for energileiing og inngå i internkontrollen til verksemnda, jf. punkt 2.6.

Energistyringssystemet skal vere etablert innan 1. september 2013.

8.2 Utnytting av overskotsenergi

Verksemnda skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemnda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemnda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

8.3 Spesifikt energiforbruk

Verksemnda skal rekne ut spesifikt energiforbruk og rapportere dette årleg, jf. pkt 11.5.

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemnda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemnda. Særleg skal bedrifta prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemnda pliktar å sørge for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta⁸.

Lagertankar for flytende avfall større enn 1 000 liter skal ha oppsamlingsvolum for tanken sitt volum.

Avfall som oppstår i bedrifta, skal bedrifta prøve å gjenbruke i produksjonen sin eller i andre sin produksjon, eller – for brennbart avfall – prøve å utnytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av forureiningslova og krav fastsett i dette løyvet.

9.2 Handtering av farleg avfall

Verksemnda skal handtere farleg avfall i samsvar med gjeldande reglar for farleg avfall. Farleg avfall som vert lagra i påvente av levering/henting skal verksemnda sikre, slik at lageret ikkje fører til avrenning til grunnen, overflatevatn eller avløpsnett. Lageret skal også sikrast mot avdamping av forureining til luft. Lageret skal dessutan sikrast mot uvedkommande.

Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månader dersom mengda overstiger 1 kg.

10 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

10.1 Miljørisikoanalyse

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemnda si. Verksemnda skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemnda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til bedrifta eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemnda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

10.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal bedrifta setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemnda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

⁸ Forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall

10.3 Etablering av beredskap

Verksemnda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemnda til ei kvar tid representerer. Bedrifta skal øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år.

10.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift⁹. Verksemnda skal også så snart som mogleg varsle Fylkesmannen i slike tilfelle.

11 Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

11.1 Journalføring

Verksemnda skal journalføre utsleppstilhøva og avfallsmengdene som blir levert til godkjent mottakar. Journalføringa skal gå føre seg slik at krav til dokumentasjon gjeve av styresmaktene blir følgt.

Verksemnda skal føre fortløpande register og journalføre følgjande opplysningar:

- Leverandør og mengde av mottatt råstoff ved anlegget
- Produksjonsmengd
- Vassforbruk
- Fiskeavfall/biprodukt (mengde, samansetning, handtering og levering)
- Kjemikalieforbruk (mengde og type)
- Silgods, avskumma feitt i avskiljar og liknande (kvantum og disponering)
- Resultata av prøvetaking

Journalføringa skal takast vare på i minst 5 år og skal vere tilgjengeleg ved tilsyn.

11.2 Utsleppskontroll

Verksemnda skal gjennomføre målingar av utslepp til sjø, og kan bli pålagt å gjere det same for utslepp til luft og støy i omgjevnadane. Målingar omfattar volumstrømsmåling, prøvetaking, analyse og utrekning.

Målingar skal utførast slik at dei blir representative for verksemnda sine faktiske utslepp og skal som et minimum omfatte

- komponentar som er uttrykkeleg regulert gjennom grenseverdier i løyvet eller forskrifter
- andre komponentar som er omfatta av rapporteringsplikta i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar til bedrifta sin eigenrapportering. Rettleiaren er lagt ut på www.miljodirektoratet.no.

Verksemnda skal ha eit måleprogram som inngår i bedrifta sin dokumenterte internkontroll.

Måleprogrammet skal vere etablert innan 1. september 2013.

⁹ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

11.3 Måleprogram

Når verksemda utarbeider måleprogrammet, skal de:

- velje prøvetakingsfrekvensar som gjev representative prøver
- vurdere usikkerheitsbidraga ved dei forskjellige trinna i målingane (volumstrømsmåling – prøvetaking – analyse – utrekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå

Måleprogrammet skal skildre dei ulike trinna i målingane og grunngje valde metodar. Det skal gå fram av måleprogrammet kva for usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gjev.

11.4 Kvalitetssikring av målingane

Verksemda er ansvarleg for at metodar og utføringar er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å

- utføre målingane etter Norsk standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal eller utanlandsk standard brukast. Fylkesmannen kan vidare godta at annan metode brukast dersom særlege omsyn tilseier det
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteyter skal vere akkreditert for den aktuelle tenesten

11.5 Rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal innan 1. mars kvart år rapportere utsleppsdata frå året før via www.altinn.no. Rapportering skal skje i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar til bedrifta sin eigenrapportering, sjå www.miljodirektoratet.no.

12 Overvaking av resipient og rapportering til Fylkesmannen

Dersom Fylkesmannen finn det nødvendig, skal verksemda på kort varsel utføre og koste undersøkingar av forureiningseffekten av aktiviteten på anlegget. Verksemda kan også bli pålagt å koste ein del av eit overvåkingsprogram for sjøområdet der anlegget er lokalisert, jf. forureiningslova § 51.

Data som blir skaffa ved overvaking i vatn, inklusiv sediment og biota, skal registrerast i databasen *Vannmiljø*. Data skal leverast på *Vannmiljø* sitt importformat, som er å finne på <http://vannmiljokoder.klif.no>. Her finst også oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med *Vannmiljø* sitt kodeverk.

13 Utskifting av utstyr

Dersom verksemda skal gjere utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke forureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gjeve, skal Fylkesmannen på førehand få melding om dette.

Ved all utskifting av utstyr skal bedrifta nytte dei beste tilgjengelege teknikkane for å motverke forureining.

14 Eigarskifte

Dersom verksemda blir overdratt til ny eigar, skal bedrifta sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

15 Nedlegging

Dersom brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimelig tid på førehand gje melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal bedrifta sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift¹⁰. Dei tiltaka som blir sett i verk i denne samband, skal bedrifta rapportere til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Viss verksemda ønskjer å starte verksemda på nytt, skal bedrifta gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

16 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

¹⁰ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1**Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1**

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i punkt 3 eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig verknad.

Metaller og metalsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

	Vanlige forkortingar
Bromerte flammehemmarar:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenylyter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4' isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorhaldige organiske sambindingar	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksin og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Tensidane:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreren	TRI
Trikloran (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl eter)	
Nitromusksambindingar:	
Muskxylen	
Alkylfenoler og alkylfenoletoksylder:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksylder	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylder	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6tri-tert-butylfenol	
Polyfluorerte organiske sambindingar (PFCS)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre (PFOA)	
Tinnorganiske sambindingar:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
Polisykliske aromatiske hydrokarboner	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5